



Nettavisgruppa til UU i arbeid i Gamleskulen. Frå venstre sit Tore Mathiesen, Hans Ordin Østebø, Ola Matti Mathisen, Thor Inge Døssland, Kristian Olav Bringedal og Anita Ænes.

**Dette er ein historisk dag for nettstaden uskedalen.no  
7 år og knappe 2 månader etter at vi gjekk  
på lufta med nytt mannskap og design passerer  
vi i dag 10 000 meldingar.**

Redaktør Ola Matti Mathisen (71) drøymde ikkje om at han og dei gode hjelparane skulle halda ut så lenge og nyttar høvet til å takka for ein stor innsats.

uskedalen.no har vore og skal vera ei superlokal nettavis for bygda og har halde strengt på dette prinsippet. Gjennom åra har vi hatt berre 2 meldingar frå kvar av nabobygdene Herøysund og Omvikdalen

Lesarane har imidlertid vore å finna over heile verda og vi er ikkje minst imponert over at det sjeldan er under 30 lesarar i USA. Det er også klart at uskedalingane les nettavisa der dei er til einkvar tid.

Talet på daglege lesarar har stort sett lege rundt 1500 med 2700 som rekord (Festidalen 2013). Det er vi svært fornøgde med ettersom det bur vel 1000 i Uskedalen.

Vi takkar for interessa når vi no tek fatt på dei neste 10 000!

**Uskedal Utvikling**

